ALVER
KOMMUNE

As Haugland Vvs
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:2KTNCI-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 10.02.2023 |
| Vår: 23/581 - 23/11700 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på røyrleggjarmelding - gbnr 1/295 Flatøy

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Tilknyting kommunalt vatn og avløp |
| **Byggjestad:** | Hjelten 17 – Gbnr 1/295 |
| **Tiltakshavar:** | Dag Albert Sudmann |
| **Ansvarleg søkjar** | Haugland VVS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tinglyst rett til å legge leidningsstikk over annan manns grunn. Vi ser at privat stikkleidning vil verte lagt på Gbnr 1/6 og Gbnr 1/293.
   Vi gjer merksam på at vi, per dags dato, ikkje har motteke tinglyst rett til å etablere borehol over annan manns grunn. Før vi kan handsame søknader om tilknyting til kommunalt vatn og avløp via dette boreholet skal vi ha kopi av tinglyst rett.
2. Tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for den del av leidningsnettet som Gbnr 1/295 vil få felles med Gbnr 1/294 og Gbnr 1/293.
3. Bunnleidningsplan for bygg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Forslag til avtaler**

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug | post@alver.kommune.no | Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 | www.alver.kommune.no | Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vedlagt følgjer forslag til avtale om rett til å legge leidningar over annan manns grunn og avtale om felles solidarisk ansvar for leidningsnett som vert felles fram til tilknytingspunkt på kommunal leidning. Vi gjer merksam på at alle heimelshavarane av eigedomane skal signere på avtale med namn og fødselsnummer (11-sifre).

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Erklæring om felles solidarisk ansvar
Erklæring om rett til å gå over annan manns grunn

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggesak v/sakshandsamar | | | |
| Dag Albert Sudmann | Hjelten 45 | 5918 | Frekhaug |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| As Haugland Vvs | Lyngvegen 2 | 5914 | ISDALSTØ |